
Saksnr: 2020/35485-11
Saksbehandlar: Arlen Synnøve Bidne

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		15.10.2020

Forslag om freding av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden

Forslag til vedtak:

1. Hovudutvalet er positive til framlegg om freding av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden i Luster kommune.
2. Vestland fylkeskommune sender forslaget om freding over til Riksantikvaren, og ber om at det vert gjort vedtak om freding av anlegget i medhald av Lov om kulturminne §§ 15 og 19.

Samandrag

Sogn og Fjordane fylkeskommune varsla 20. juni 2019 oppstart av fredingssak av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden i medhald av Lov om kulturminne §§ 15 og 19, jf. § 22. Forslag om freding av eigedomen vart lagt ut på høyring/offentleg ettersyn 30. april 2020. Det vart i den samanhengen handsama politisk i Hovudutval for kultur, idrett og integrering i PS 93/2020. Etter at høyringa var ferdig vart forslag om freding handsama av Luster kommunestyre i møte 29. juni 2020. Deretter har administrasjonen gått igjennom alle dei innkomne merknadane til forslag om freding, samt Luster kommunestyre si handsaming. På bakgrunn av dette er det utarbeidd eit endeleg forslag om freding av eigedomen. Vestland fylkeskommune skal no sende saka over til Riksantikvaren for vedtak.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David J Aasen Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Forslag om freding av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden
- 2 Fotodokumentasjon eksteriør
- 3 Fotodokumentasjon - interiør - Unnateke offentlegheit
- 4 Dokumentasjonsvedlegg
- 5 Vedk. Høyringsrunde-forslag på Wittgensteinhuset i Østerrike
- 6 Forslag om freding av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden - Høyring
- 7 Protokoll PS 93-2020 - hovudtuval for kultur, idrett og integrering
- 8 Melding om politisk behandling - Freding av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden. Sak til uttale.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Ludwig Wittgenstein sitt hus vart flytta frå opphavleg plass i 1958 og bygd om til eit nytt bustadhus. I fleire år har Luster kommune og andre interesserte arbeidd for å få huset flytta tilbake til opphavleg stad og sett i stand slik det var då Wittgenstein brukte det. I 2014 vart det oppretta ein eigen stiftelse, Stiftinga Wittgenstein i Skjolden som har arbeidd for å få huset tilbake. Dåverande riksantikvar Jørn Holme opna i 2015 for at ein kunne nytte tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 til tilbakeføringa av huset under føresetnad av at det vart freda.

Stiftinga Wittgenstein i Skjolden, Luster kommune og dåverande Sogn og Fjordane fylkeskommune har fylgt opp dette, og i 2019 var huset ført tilbake på opphavleg stad. Den 20. juni 2019 varsla Sogn og Fjordane fylkeskommune oppstart av fredingssak for eigedomen.

Forslag om freding av eigedomen vart sendt på høyring/offentleg ettersyn den 30. april 2020 i forslaget vert føremålet med fredinga presisert på fylgjande måte:

Formålet med fredinga er å bevare Ludwig Wittgenstein sitt hus, som et bygningshistorisk og kulturhistorisk viktig døme på Wittgenstein sin bustad og arbeidsplass, der han skreiv delar av verket *Filosofiske undersøkelser*. Verket er rekna som eit av hovudverka i det 20. hundreåret sin filosofi og huset er eit godt døme på dei stadane der han trekte seg tilbake frå det akademiske miljøet i Cambrigde for å få ro til å skrive ned tankane sine om logikken.

Fredinga skal sikre dei kulturhistoriske og bygningshistoriske verdiane i heilskapen mellom bygningen, stien og tomta. Slik dei vart utforma av Ludwig Wittgenstein i den tida han arbeidde med verket *Tractatus Logico-Philosophicus*.

Fredinga av bygningen sitt eksteriør skal sikre bygningen sin arkitektur. Både hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa, som fasadeløysing, opphavlege/eldre vinduer og dører, materialbruk og overflater, skal bevarast.

Formålet er vidare å bevare rominndeling, bygningsdelar og overflater i dei delane av interiøret som er kulturhistorisk interessant. Videre skal fast inventar bevarast som ein integrert del av interiøret.

Fredinga av stien frå Eidsvatnet og opp til huset skal vise Wittgenstein sitt behov for å ha ein bustad og arbeidsplass som var lite tilgjengeleg og som fylje av dette gav han arbeidsro.

Formålet med fredinga av området rundt bygningen er å sikre verkknaden i miljøet gjennom å oppretthalde anleggets karakter av ein vanskeleg tilgjengeleg plass, plassert vekke frå andre bygningar i området.

Forslag om freding etter kml § 15 omfattar huset sitt eksteriør og interiør samt stien frå Eidsvatnet og opp til huset. Forslag om freding etter kml § 19 omfattar eigedomsgrensa til gb.nr. 27/307 samt eit stykke ut i Eidsvatnet. Vestland fylkeskommune fekk inn to merknadar til forslag om freding, frå Per-Arvid Hauge og frå hovudutval for kultur, idrett og integrering som hadde handsama høyringa av forslag om freding i sak PS 93/2020 der det vart gjort fylgjande vedtak:

1. «Hovudutvalet er positive til forslag om freding av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden då det tek vare på dei kulturhistoriske verdiane i eigedomen på ein god måte.
2. Hovudutvalet ber fylkesdirektøren følge opp høyringsframlegget og kome attende med endeleg forslag til freding når høyringsmerknadane er vurderte og Luster kommune har handsama fredingsforslaget i kommunestyret.»

Luster kommunestyre handsama framlegg om freding i møte den 28. august 2020, sak 43/20 der dei gjorde fylgjande vedtak:

«Luster kommune sluttar seg til framlegget frå Vestland fylkeskommune om å frede Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden.»

Vestland fylkeskommune har gått igjennom dei innkomne merknadane og vedtaket i Luster kommunestyre og utarbeida eit endeleg forslag om fredning av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden, sjå vedlegg. Administrasjonen har lagt vekt på å finne ein god balanse mellom bruken av eigedomen og vern av dei kulturhistoriske verdiane i den. Vedlagt ligg fylkeskommunen sitt forslag om fredning, dokumentasjon av eigedomen, samt dei innkomne merknadane til forslag om fredning, saksutgreiing og vedtak i PS 93/2020 og Luster kommunestyre sitt vedtak i sak 43/20.

Vedtakskompetanse

Fredingssaka vert gjennomført i medhald av kml § 22 som gjev reglar for sakshandsaming. Det er Riksantikvaren som har vedtaksmynde for fredning etter kml §§ 15 og 19, jf. forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven (ansvarsforskriften) av 15. februar 2019. I denne saka er det fylkeskommunen som førebur forslag til fredning og Riksantikvaren som gjer endeleg vedtak om fredning.

I Vestland fylkeskommune sitt «Reglement for folkevalde organ og delegering» har Hovudutval for kultur, idrett og integrering delegert mynde til å gjere uttale i saker om endeleg fredning jf. kml § 22. Fylkesdirektøren legg difor det endelege forslaget om fredning av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden fram for hovudutvalet i denne saka.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Det har vore løyvd tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 til tilbakeføringa av bygningen. Dette arbeidet er no ferdigstilt og per i dag er huset og stien i god teknisk stand.

Klima: Ved å kunne nytte eksisterande bygningar i eit langt perspektiv vil ein kunne redusere behovet for nybygg og såleis redusere klimaavtrykket knytt til bygningsmassen vi omgjev oss med. Bevaring av kulturhistorisk verdifulle bygningar er såleis eit godt og langsiktig tiltak for å ta vare på klimaet.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Regional planstrategi: Ikkje relevant.

Kulturhistorisk verdi

Fylkesdirektøren har vurdert Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden til å vere eit kulturminne av nasjonalinteresse og at det kvalifiserer til å kunne fredast i medhald av Lov om kulturminne §§ 15 og 19. I forslag til vedtak om fredning vert dei kulturhistoriske verdiane i anlegget oppsummert på fylgjande måte:

Vestland fylkeskommune vurderer eigedomen med huset etter Ludwig Wittgenstein i Skjolden til å vere eit kulturminne av nasjonal interesse. Denne vurderinga bygger på dei kulturhistoriske verdiane som er tett knytta til personen Ludwig Wittgenstein og hans arbeid med verket *Filosofiske undersøkelser* som vart delvis skriva her under hans opphald i 1936/37. Vidare er verdiane i eigedomen knytt til Wittgenstein sitt første opphald i Skjolden vinteren 1913/14 då han arbeidde på det som seinare vart verket *Traktatus Logico-Philosophicus*. Arbeidsroa han fann i Skjolden gjorde at han bestemte seg for å bygge sitt eige hus her og medan han var i Skjolden bestemte han seg for tomt og utforming av huset. Huset og tomta det står på kan stå som eit døme på Wittgenstein sin asketiske levemåte og hans behov for å trekkje seg vekk frå det akademiske miljøet i Cambridge i periodar.

Huset slik det står i dag er i høg grad slik det var då Wittgenstein bygde og brukte det. Det er gjort få endringar, og der det er lagt til nye materialar er dette gjort i tråd med slik huset var bygd, og det er synleg kva som er nytt og kva som er dei opphavlege materialane. Samla sett har huset, stien og omgjevnadane dei står i ei høg grad av autentisitet.

For meir utfyllande vurdering av eigedomen sine kulturhistoriske verdiar viser fylkesdirektøren til forslag om fredning og til dokumentasjonsvedlegget.

Konklusjon

Fylkesdirektøren viser til drøftingane ovanfor og rår til at forslag om fredning av Ludwig Wittgenstein sitt hus i Skjolden i Luster kommune vert sendt til Riksantikvaren for vedtak om fredning i medhald av Lov om kulturminne §§ 15 og 19.

